



DEN NORSKE KYRKJA

Undheim sokneråd

Møteprotokoll

Råd: Undheim sokneråd
Møtestad: Undheim kyrkje kjellaren
Dato: 19.04.2023
Tid: Kl. 19:00

Følgjande medlemmer møtte	Rolle
Anne Lise Undheim	Medlem
Hanne Brit Sandsmark	Leiar
Ivar Risa	Medlem
Oddvar Undheim	Nestleiar
Per Arne Undheim	Medlem
Roald Byberg	Medlem

Forfall

May Brit Merland Arnø
Tordis Sandvik

Varamedlem

Andre som møtte:

Frode Skarland

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
019/23	Godkjenning av innkalling
020/23	Godkjenning av referat frå førre møte.
021/23	Meldingssaker
022/23	Endring av offer etter at offerplanen er lagt
023/23	Auke i stillingsressurs til ungdomsleiarstilling
024/23	Endring av budsjett
025/23	Undheim sokneråd sine innspel til Time kommune sin økonomiplan 2023
027/23	Førehandsrøysting
026/23	Nominasjon til kyrkjevalet 2023
028/23	UKUF

019/23 Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:

Innkalling blei godkjent.

19.04.2023 Undheim sokneråd

US - 019/23 Vedtak:

Innkallinga blei godkjend.

020/23 Godkjenning av referat frå førre møte.

Forslag til vedtak:

Referat frå sist møte blei godkjent.

19.04.2023 Undheim sokneråd

US - 020/23 Vedtak:

Referatet blei godkjent.

021/23 Meldingssaker

Forslag til vedtak:

Meldingssakene blei tatt til orientering.

19.04.2023 Undheim sokneråd

Behandling:

Supermix treng dirigent til hausten. Viss det ikkje kjem ei løysing på dette, så er det fare for at Supermix blir lagt ned.

Fra nå av blir det sjeldant kyrkjekaffi. Det er ikkje nok folk som har sagt ja til å ha kaffi til at det er kyrkjekaffi alle søndagane i vår.

US - 021/23 Vedtak:

Meldingssakene blei tekne til orientering.

022/23 Endring av offer etter at offerplanen er lagt

19.04.2023 Undheim sokneråd

Behandling:

Når offer har blitt endra, så har det alltid gått ut over offer som er bestemt til kyrkjelydsarbeidet. Det går bra så lenge kyrkja har god økonomi, men i periodar når økonomien ikkje er så god, så er det viktig at kyrkja får offera sine.

US - 022/23 Vedtak:

Fram til soknerådet skal handsama ny offerplan, har me framleis ope for at offer kan endrast med skriftleg vedtak ved behov. Når ny offerplan skal lagast, må me sjå på om me skal leggja inn nokre offer som ikkje er fast bestemte.

023/23 Auke i stillingsressurs til ungdomsleiarstilling

19.04.2023 Undheim sokneråd

Behandling:

Det er viktig at ungdomsleiarstillinga er ei stilling som ein kan leva i.

US - 023/23 Vedtak:

Undheim sokneråd ønsker ein tydeleg plan som viser kva ungdomsleiaren kan bidra med på Undheim, og når ein slik plan er utarbeida, vil soknerådet vurdera saka på nytt.

024/23 Endring av budsjett**19.04.2023 Undheim sokneråd****US - 024/23 Vedtak:**

Soknerådet ønsker medarbeidarfest, og aukar posten for matservering med 14000 og 6000 til innleie av underhaldning. 255 000 sett me inn på disposisjonsfond.

025/23 Undheim sokneråd sine innspel til Time kommune sin økonomiplan 2023**Forslag til vedtak:****19.04.2023 Undheim sokneråd****US - 025/23 Vedtak:**

Undheim sokneråd har ikkje innspel til kommuneplanen.

027/23 Førehandsrøysting**19.04.2023 Undheim sokneråd****US - 027/23 Vedtak:**

1. og 2. Førehandsstemminga skal skje på kyrkjekontoret på Bryne, på gudstenesta 03.09., eller digitalt.
3. Soknerådet går ikkje inn for at det skal vera førehandsrøysting på ungdomsarrangement.
4. Soknerådet ønsker ikkje ambulerande stemmegjeving.

026/23 Nominasjon til kyrkjevalet 2023

Soknerådet godkjenner lista som er levert inn frå nominasjonskomiteen.

Supplerande nominasjon blir kunngjort på Facebook og på Infoskjermen.

19.04.2023 Undheim sokneråd**Behandling:****US - 026/23 Vedtak:**

Listeforslaget blei godkjent.

Kunngjering av supplerande nominasjon skal gjerast på heimesida, Facebook og Infoskjermen.

028/23 UKUF

19.04.2023 Undheim sokneråd

US - 028/23 Vedtak:

Soknerådet prøver å få vaksne til å sjå etter på UKUF nokre laurdagar framover.